

Styrk norsk forskning: Sats på unge forskarar, UH-sektoren og heilskapleg FoU-innsats

Innspel til utdannings- og forskningskomiteen si høyring om Prop. 1 S (2024-2025)
Statsbudsjettet 2025 (kapitler fordelt til utdannings- og forskningskomiteen)

Oslo, 29.oktober 2024

Akademiet for Yngre Forskarar (AYF) takkar for moglegheita til å gje innspel til Stortingets handsaming av Prop. 1 S (2024–2025). AYF er ein organisasjon som samlar yngre forskarar med dokumentert vitskapleg tyngde frå ulike institusjonar og disiplinar. Vi fokuserer spesielt på å fremje forskingas samfunnsverdi og styrkje vilkåra for unge forskarar i Noreg. Vi ønskjer å gje våre synspunkt på seks sentrale punkt: løyvingane til universitets- og høgskulesektoren (UH), føresegnene i FoU-tildelingane, vilkåra nytt til ekstern finansiering, unge forskarar sine vilkår, rekruttering gjennom heile utdanningsløpet og tildelingane til departementa.

1. Uro over løyvingane til UH-sektoren

AYF er svært uroa for kutta i tildelingane til høgare utdanning og forskning. Fleire institusjonar står allereie i ein krevjande økonomisk situasjon, og vi fryktar at ytterlegare kutt vil få alvorlege konsekvensar. Særleg kan dette gjelde for yngre forskarar, som allereie møter usikre arbeidsvilkår og avgrensa karrieremoglegheiter. Det vil også gå ut over UH-institusjonane sine moglegheiter til å tilby forskningsbasert utdanning og undervisning av høg kvalitet. Mellombelse tilsetjingar er utbreidde blant yngre forskarar, og kutt i løyvingane vil truleg forsterke denne trenden. For å sikre ei berekraftig utvikling i norsk forskning, er det avgjerande at finansieringa til forskningssektoren ikkje vert svekt ytterlegare. Til dømes er vi sterkt kritiske til forslaget om at institusjonane skal dekke over kutt i løyvingane på 22,3 mill. kroner ved å krevje eigenbetaling for studentar for gjentaking av eksamen. Vi ber derfor Stortinget om å prioritere stabil og langsiktig finansiering som kan gje UH-institusjonane handlingsrom til å oppretthalde gode vilkår for forskinga. Dette vil også bidra til å styrke undervisninga og kvalitet i utdanning gjennom heile utdanningsløpet og på tvers av sektorar.

2. Forsking og utvikling (FoU)

Når vi ser på den samla FoU-innsatsen i statsbudsjettet, er det tydeleg at regjeringa har ambisjonar om å støtte forskning som bidreg til grøn omstilling, helse og digitalisering. Dette er gode målsetjingar, men vi er uroa for at manglande finansiering på grunnleggjande område vil svekkje forskinga si evne til å oppfylle desse ambisjonane. Vi ønskjer også å kritisere framskrivingane av kompetansebehov og utfordringar som ligg til grunn for framlegget til statsbudsjett. Som vi har vist til tidlegare mellom anna med innspelet vårt til systemmeldinga, er det store vanskar knytt til å føreseie kva for kunnskap og kompetanse vi faktisk vil trenge i framtida. AYF ser med uro på at løyver til spesifikke tematiske områder - til dømes til forsvar – vil kunne føre til eit for snevert fokus. Eit døme på dette er at nedbygging av språkfag kan føre til utfordringar vi ikkje har oversikt over per i dag, til dømes knytt til diplomati og samfunnsforståing. Ein FoU-innsats som legg fagleg breidde til grunn og som satsar på mangfald og breidde vil stå betre rusta til å møte framtida sine utfordringar.

Akademiet for yngre forskere

For å sikre ei heilskapleg FoU-satsing meiner vi at Stortinget må vektleggje samanhengen mellom målsetjingane i FoU-politikken og finansieringa av forskingsinstitusjonane. Det er viktig at det sikrast gode vilkår for grunnforskning og eit breitt spekter av disiplinområder, noko som er nødvendig for å løyse komplekse samfunnsutfordringar. Det må sikrast tilstrekkelege midlar slik at forskarar, uavhengig av karrieretrinn, har moglegheita til å bidra til denne forskinga.

3. Betre vilkår for ekstern finansiering

Jamfør uroa knytt til løyvingane, er AYF opptekne av at regjeringa følgjer opp med betre vilkår for ekstern finansiering, slik det er nemnt i Strategi for å øke næringslivets investeringar i forskning og utvikling. For mange forskarar er ekstern finansiering ein viktig del av deira arbeidsgrunnlag, men det er store utfordringar knytt til søknadsprosessar, krav til resultat og krav til rapportering/administrativ byrde. Vi ser òg at mindre fagmiljø og forskingsfelt – særleg felt der «samfunnsnytta» ikkje er beinveges synleg – vil kunne ha vanskar med å skaffe finansiering frå næringslivet. Til dømes gjeld dette store delar av grunnforskninga, som er ein viktig drivkraft for langsiktig kunnskapsutvikling.

Ein sektor prega av aukande ekstern finansiering kan også føre med seg problematikk knytt til den akademiske fridomen, då det kan føre til uakseptable føringar til dømes med tanke på forskingsresultat og ytringar kring desse. Dette er særleg alvorleg for unge forskarar som i større grad har ei usikker tilknytning til institusjonane spesielt og arbeidslivet generelt.

For stor avhengigheit av ekstern finansiering kan fort føre til ei svekking av viktige fagområde, og difor også kunnskapsberedskapen. AYF meiner det er behov for eit styrkt system som gjev meir føreseielege vilkår for forskarar i ulike fagmiljø og sikrar at forskingsmidlar vert fordelte på ein måte som også varetek grunnforskning og fag utan beinveges kommersiell nytte.

4. Forbetra vilkår for unge forskarar

Yngre forskarar er ein ressurs for norsk forskning og for framtidig innovasjon. Samstundes er dei ei av dei mest sårbare gruppene i forskningssystemet, med usikre arbeidsvilkår og stor grad av mellombelse tilsetjingar. Dersom kutta i statsbudsjettet vert ein realitet, fryktar vi at unge forskarar vil bli særleg hardt råka, både ved at faste stillingar blir færre, og ved at tilgangen til forskingsprosjekt og støtteordningar vert redusert.

AYF ønskjer derfor å understreke behovet for å styrkje unge forskarar sin posisjon i forskningssystemet gjennom auka fokus på faste stillingar, betre karriererettleiing og målretta insentiv som kan bidra til ein meir føreseieleg forskarkarriere. Til dømes kunne slike tiltak finne plass under kap. 272. Vi meiner dette er avgjerande for å oppretthalde den forskingsbaserte kunnskapen og den innovasjonsevna som Noreg treng i møte med både samtida og framtidens utfordringar.

5. Rekruttering gjennom heile utdanningsløpet

Vi ønskjer også å peike på at god rekruttering og gode karrierar startar tidleg i utdanningsløpet, og at grunnskule – og vidaregåande skule også må vere rusta for å utdanne framtida sine forskartalent. Difor er det viktig at det gis støtte til tiltak som bidreg til rekrutteringa av dei framtidige forskarane.

Akademiet for yngre forskere

Framfor kutt under kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning kunne denne satsinga bli styrka gjennom auke av tildelingar til tiltak som Konkurransen unge forskarar.

Konkurransen unge forskarar gjer eit godt insentiv til elevar som er nyfikne på forskning og kunnskapsutvikling, samstundes som at det ikkje råkar ambisjonane om ein skule som gjer gode resultat for alle. Det bidreg også til å bringe kunnskap om forskning og moglegheitene der ut til heile landet, og er difor også eit utjamnande tiltak mellom anna med omsyn til geografi og sosioøkonomisk status, til dømes for familiar med kort butid i Noreg. Konkurransen unge forskarar – gjennom moglegheiter til å sende elevar ut til internasjonale konkurransar og seminar – bidreg også til å auke kontakta mellom norsk grunnutdanning og akademia og internasjonale miljø.

6. Tildelinga til departementa

Vi ønskjer også å kommentere fordelinga av forskingsmidlar til dei ulike departementa. Forsking er ei tverrsektoriell oppgåve som krev samarbeid på tvers av departement, og vi ser at det framleis er eit potensial for betre koordinering og auka tverrfaglegheit i forskingsløyvingane. AYF oppmodar derfor regjeringa til å sørge for at forskingsmidlane vert fordelte på ein måte som stimulerer til samarbeid og innovasjon på tvers av fagområde og sektorar.

Oppsummering

AYF oppmodar regjeringa til å sikre at løyvingane til UH-sektoren ikkje vert reduserte ytterlegare, då dette vil få alvorlege konsekvensar for både rekruttering til forskning, unge forskarar sine karrierar og norsk forskning si evne til å møte samfunnet sine behov. Vi ber også om at unge forskarar sine vilkår vert styrkte gjennom auka fokus på faste stillingar og målretta tiltak som fremjar langsiktig karriereutvikling. Vidare ber vi om at den samla FoU-innsatsen i statsbudsjettet styrkjast, og om at midlane til forskingsinstitusjonane fordelast på ein måte som fremjar tverrfaglegheit og samarbeid. Vi ber også om at regjeringa følgjer opp med betre vilkår for ekstern finansiering, særleg for mindre fagmiljø og grunnforskning.

Vi takkar for merksemda og ser fram til vidare dialog om korleis vi best kan styrkje norsk forskning for framtida.

På vegne av Akademiet for yngre forskarar

Guro Nore Fløgstad
Leiar

Bjørn Kristian Danbolt
Generalsekretær